

Møtebok / referat FR 28.okt

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellesråd.

Tid: Onsdag 28.okt 2020 kl 17.00

Møtestad: Stord Kyrjekontor

Opning: Jørgen

Desse møtte: Dag Sele, Anders Dahl, Jens Arne Stautland, Marit Grimstad, Øyvind Kyvik, Jørgen Knudsen.
Kyrkjeverje : Reidar Ådnanes

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

2020/35	012.1	Godkjenning av innkalling og saksliste.
---------	-------	---

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent. Samrøystes.

2020/36	012.1	Godkjenning av referat frå FR møte 17 .sept
---------	-------	---

Vedtak: Referat godkjent. Samrøystes

2020/ 37	131	Rekneskapsrapport. Pr 30 sept.
----------	-----	--------------------------------

Vedlegg:

Balanserekneskap

Investeringsrekneskap

Rekneskap drift pr teneste

Rekneskap drift total med kommentarar

Saksutgreiing med forslag til vedtak.

Vedtak: Rekneskapsrapporten vert teken til vitande. Samrøystes

2020/38	11	Budsjett 2021. Første utkast.
---------	----	-------------------------------

Vedlegg; Budsjettforslag (exeldok)

Saksutgreiing med forslag til vedtak.

Vedtak: Fellesrådet tar det framlagde budsjettforslaget til vitande, og ber om at det vert lagt til grunn for budsjettarbeidet vidare. Fellesrådet vil gjera endeleg budsjettvedtak når rammene for kommunal tildeling er endelege. Samrøystes.

2020/39	113	Vedlikehaldsplan/ investeringar
---------	-----	---------------------------------

Vedlegg:

Saksutgreiing med forslag til vedtak.

Vedtak:

1. Stord kyrkjelege fellesråd vedtek plan for vedlikehald og investering som er framlagt.

2. Vedtaket frå 2019/02 om prioritert vedlikehald i Stord kyrkje vert sett i verk snarast. SKF vedtek å engasjere Rune Jørgensen som prosjektleiar for neste fase i oppussing / vedlikehald i Stord Kyrkje. Kyrkjeverje får fullmakt til å inngå ein avtale som regulerer hans engasjement. Han vil gjera dette utan løn. Tilstandsrapport og konkurransegrunnlag skal utarbeidast innan 20 januar.
3. Fellesrådet ber Stord sokneråd gje ein uttale i samband med planlagd innvendig oppussing i Stord kyrkje. Ein ber særleg om innspel på om det er ønskeleg å vurdera større endringar, som t.d. å erstatta benkene med stolar eller andre endringar i inventar.

Alle punkt: Samrøystes

2020/40 046 Tv gudstenester Tv Haugaland.

Vedlegg: Saksutgreiing med forslag til vedtak

Vedtak: Stord Kyrkjelege fellesråd er ikkje interessert i å gå inn på ein avtale med TV Haugaland.

Samrøystes

2020/41 Høyring : Forskrift til trossamfunnsoven om forvalting av kyrkjebygg
3 vedlegg.

Vedtak: Stord Kyrkjelege fellesråd gjev Au fullmakt til å koma med høyringsuttale. Samrøystes

2020/42 Referatsaker

- Rettsleg krav mot kontraktspart vedr. dørane i Stord Kyrkje. Referat frå synfaring 8.10
- Referat frå Stord Sokneråd og Fredheim ved Andres Dahl og Dag Sele
- Referat frå Nysæter sokneråd ved Marit Grimstad